

Forskrift om hundehald i Ullensvang kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Ullensvang kommunestyre dd.mm.åååå med heimel i LOV-2003-07-04-74 om forsvarleg hundehald (hundelova) § 6 og § 11.

§1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å fremja eit godt og forsvarleg hundehald som tek omsyn til sikkerheit, tryggleik, alminneleg ro og orden, verna om viltet og medverka til at hundar ikkje jagar bufe på beite.

§2 Verkeområde

Denne forskrifta gjeld hundehald i Ullensvang kommune. Forskrifta utfyller føresegn som er gjeve i lov om forsvarleg hundehald (hundelova), og må sjåast i samanheng med denne.

§3 Definisjonar

Bandtvang tyder at hundehaldar skal halde hunden i band, forsvarleg inngjerd eller avstengt.

Offentleg område er i denne forskrifta: kyrkjegard, barnehage, skule og anlegg for leik, idrett og sport.

Sentrumsområde er i denne forskrifta område i og i tilknytning til tett busetnad og handelsområde og går fram av kart: Jondal, Herand, Utne, Nå, Odda, Skare, Røldal, Tyssedal, Lofthus, Kinsarvik.

§4 Om sikring av hund ved bandtvang, jf. hundelova § 6 andre ledd

I tillegg til den ordinære bandtvangen frå 1. april - 20. august, er det utvida bandtvang i tida frå 21. august - 31. oktober av omsyn til beitande bufe. Utvida bandtvang gjeld i dei område av kommunen kor bufe har rett til å beite og faktisk beitar.

På offentleg område og i sentrumsområde er det bandtvang heile året. Andre bestemte område og turløyper som er underlagt heilårs bandtvang:

- Buardalen frå Jordal til Buer
- Hytteområdet Åsen og Mågelitopp
- Merka turløype Trolltunga frå Skjeggedal
- Merka turløype Dronningstien i Hardanger
- Merka turløype Husedalen i Kinsarvik

Grenser for område som er underlagt heilårs bandtvang går fram av kart.

Unntatt frå bandtvang er dei tilhøva som er skildra i hundelova §9 om unntak frå sikringsreglane.

For Hardangervidda nasjonalpark gjeld reglar fastsett i FOR-1981-04-10-4830, forskrift om Hardangervidda nasjonalpark § 4 punkt 4.2.3.

§5 Ekstraordinær bandtvang, jf. hundelova § 6 andre ledd

Ullensvang kommune kan ved særleg vanskelege snøtilhøve og når det ligg føre sterk fagleg tilråding, gjera vedtak om ekstraordinær bandtvang for heile eller delar av kommunen for å verna hjorteviltet.

§6 Om reinhald, jf. hundelova § 11

Hundehaldar pliktar å fjerna ekskrement etter hund på offentlege område og i sentrumsområde. Ved bruk av hundepose skal denne deponerast på eigna stad og ikkje i naturen.

§7 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering. Frå same tid vert FOR-2005-09-19-1243 om hundehald i Ullensvang herad, Hordaland og FOR-2006-06-14-1349 om hundehold, Odda kommune, Hordaland oppheva.